



Barnehagane i Møre og Romsdal
Kommunane i Møre og Romsdal
PPT-kontora i Møre og Romsdal

Barnehagekonferansen 2015 - MITT ANSVAR

Den årlege barnehagekonferansen i Møre og Romsdal vert arrangert på Scandic Parken i Ålesund 29. og 30. oktober. Konferansen er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet Møre og Romsdal og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Påmelding skjer på nettsida til Fylkesmannen www.fylkesmannen.no/mr innan 20.08.2015.

Målgruppe

Målgruppe er pedagogisk personale i barnehagane, barnehageansvarlege på kommunenivået, tilsette i PPT og høgskuletilsette.

Fagleg innhald

Barnehagelæraren arbeider i eit spenningsfelt mellom autonomi og styring. Er graden av styring utanfrå aukande?

Historisk sett har barnehagelæraren si rolle i spenningsfeltet mellom autonomi og styring endra seg. Profesjonen har gått frå stor grad av autonomi til sterkare grad av styring. Dette påverkar barnehagelæraren sitt handlingsrom og høve til utøving av profesjonelt skjønn. *Er desse endringane til det beste for barna?*

Ein av grunnpilarane i barnehagepedagogikken er å tilpasse det pedagogiske tilbodet til det ein skilde barnet. Med det aktive barnet i sentrum for leik- og læringsprosessar, utviklar ein barnehagekvaliteten. Barnehagelæraren har kompetanse til å initiere, leie og drive leik- og læringsprosessar i eit samspel mellom aktørane i barnehagen. Grip barnehagelæraren handlingsrommet og definerer arbeidsmåtar og innhald slik det er forankra i Rammeplan for barnehagen? «Barnehagen er en pedagogisk virksomhet som skal planlegges, dokumenteres og vurderes. Den enkelte barnehage står fritt til å velge metoder og omfang ut fra lokale forutsetninger og behov». (Rammeplanen for barnehagen, 2006, kap. 4). Konferansen MITT ANSVAR utfordrar barnehagelæraren til kritisk refleksjon og debatt om kva som er god barnehage no og i framtida.

Påmelding

Bindande påmelding og tinging av overnatting skjer via nettsida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal www.fylkesmannen.no/mr Frist for påmelding er sett til 20.08.2015. Har du spørsmål knytt til påmelding kan du ta kontakt med Fylkesmannen i Møre og Romsdal på e-post fmmrkurs@fylkesmannen.no eller telefon 71258409/71258505.

Stadfesting av påmelding

Når du har meldt deg på vil du motta ei stadfesting på e-post. Informasjonen i denne e-posten skal brukast dersom ein kontaktar Fylkesmannen for spørsmål og avklaringar. Faktura for konferanseavgifta blir sendt til den fakturaadressa som er registrert i påmeldinga. Påmeldinga er bindande og konferanseavgifta blir ikkje refundert ved avmelding.

Vilkår for deltaking

Barnehagekonferansen er ein to-dagars konferanse og deltakarane må difor delta begge dagane. Det er ikkje høve til å dele ein plass.

Atterhald om gjennomføring

Det vert teke atterhald om gjennomføring av konferansen på grunnlag av påmelde innan påmeldingsfristen 20.08.2015.

Konferanseavgift

Konferanseavgifta dekkjer det faglege innhaldet og er kr. 1000,-

Oppgjer i samband med opphald

Pris per person i enkeltrom m/heilpensjon (29. – 30.10) er kr. 1.930,-

Pris per person i dobbeltrom m/heilpensjon (29. – 30.10) er kr. 1.730,-

Pris per person i enkeltrom m/frukost (28. – 29.10.) er kr. 1.025,-

Pris per person i dobbeltrom m/frukost (28. – 29.10) er kr. 640,-

Deltakarane må sjølve gjere opp hotellkostnadene direkte med det hotellet ein bur på.

Dagpakkar - konferansemiddag

Dagpakke for ikkje-buande begge dagar er kr. 1.030,-

Pris på konferansemiddag for ikkje-buande er kr. 495,-

Kostnader for ikkje-buande, i samband med dagpakkar/konferansemiddag, betaler deltakarane sjølve direkte til Scandic Parken.

Felles rekning – avtal på førehand

Dersom fleire frå same barnehage/kommune ønskjer fellesrekning, må dette avtalast med Scandic Parken på førehand.

Konferansemiddag

Arrangørane inviterer også i år til felles 3-rettars konferansemiddag på Scandic Parken om kvelden den 29. oktober. Middagen er inkludert i heilpensjon. Ikkje-buande som ønskjer å delta på middagen er hjarteleg velkomne, og desse har sjølve ansvaret for å betale for middagen til Scandic Parken. Middag bestiller ein ved påmelding.

Opphald og overnatting

Vi disponerer eit tal rom på Scandic Parken, Thon Hotel og Scandic Scandinavie i Ålesund. Av erfaring veit vi at konferansen har stor deltaking, og vi gjer merksam på at ein ikkje er sikra rom på det hotellet ein primært ønskjer. Det er sjølvsagt også mogleg å dele rom. Det er viktig at ein i påmeldingsskjemaet opplyser om kven ein deler rom med. Informasjon om kva hotell ein skal bu på, får ein ved Scandic Parken på ankomstdagen.

Vi ser fram til konferansen og til å ønske dykk velkomne til Barnehagekonferansen 2015:

MITT ANSVAR

- om barnehagelæraren sitt profesjonelle skjønn.

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
utdanningsdirektør

Maren Ørjasæter Aaland

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

vedlegg: «teaser»

